



Egil Magnar Eidsnes  
Eidsnesvegen 107 B  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3990 - 17/11906

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

25.04.2017

## Dispensasjon frå arealføremål og PBL § 1-8 for legging av avløpsleidning gbnr 215/2 eidsnes ytre

**Administrativt vedtak. Saknr: 186/17**

**Tiltakshavar:** Egil Magnar Eidsnes

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon for legging av avløpsleidning i LNF-område og strandsone .

Det vert elles vist til søknad motteken 29.12.16 og supplert 16.02.17.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til Egil Magnar Eidsnes ved brev av 05.01.17, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Klar framstilling av kva dispensasjonar det søkast om.
2. Nabovarsling i samsvar med krav i forskrifta.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 16.02.17.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.02.17 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNFR.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel. Tiltaket krev dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 Forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Egil Eidsnes er tiltakshaver og søker. Eier av 215/2.  
Søker om å legge sjøledning for kloakk for 5  
boliger til godkjent dybde i fjorden.  
Viser til forhåndsamtale av søknaden fra Bergen og Ombud  
Hørnevesen. Ingen merknader fra naboer.  
Nødvendig dokumentasjon vedlagt.

Viser også til sak 15/3456 for de nye tomtene 215/88 og 215/89 der det i står følgende.  
Vassforsyning /avløp. Det blir tilknytning til offentlig vannverk og privat anlegg for avløp.  
Dette avløpsanlegget skal også brukes av eksisterende bolighus på 215/2 da avløp i dag  
mangler. Det blir planlagt felles grøft for vannforsyning og avløp, og avløp skal føres til sjø  
over eiendommen 215/4. Det foreligger avtale mellom de to partene datert 25.08.2014.

Derfor er søknaden helt i tråd med kommunen sine føringer i sak 15/3456, og grunnlaget for  
dispensasjonen er da etter kommunen sin egne krav. Overnevnte forhold kan også  
sammenfattes med sak 16/3715 som kommunen har startet saksgangen på.

#### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal  
sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i  
Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

#### Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan vedlagt søknad datert 29.12.16.

Tiltaket skal plasserast på eigedom 215/2 og 215/4. Det ligg føre avtale mellom partane om tiltaket

#### Vatn og avløp (VA)

Det skal søkast om utsleppsløyve i samband med søknad om legging av rør.

#### **VURDERING:**

##### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla  
vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at det er ein føresetnad for delingsløyvet i sak 15/3456 at det må etablerast avløp for nye bustadtomter. Tiltaket er difor ein konsekvens av delingsløyvet som vart gjeve den 13.06.16. Vidare ligg det føre avtale mellom aktuelle grunneigarar om trasé og legging av avløpsleidning i grunnen. Bergen og omland havnevesen har gitt førehandsuttale der dei er positive til tiltaket. Leidningar vert lagt i grunnen og vil difor ikkje påverke LNF-føremål eller strandsonevernet i særleg grad.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel og PBL §1-8.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanens arealdel i samband med etablering av avløpsleidning.

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå PBL §1-8 i samband med etablering av avløpsleidning.

Tiltaket krev eige vedtak etter havne og farvasslova, der Bergen og omland havnevesen er mynde.

Etablering av avløpsleidning er søknadspliktig etter PBL § 20-2 bokstav a og må søkast om.

Det må søkast om utsleppsløyve i samband med etablering av avløpsleidning.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

*Bortfall av løyve*

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

Bergen

**Mottakarar:**  
Egil Magnar Eidsnes

Eidsnesvegen 107 5913  
B

EIKANGERVÅG